

Bygdnytt.

Tirsdag

Nr. 60 22. august 2017 64. årgang

www.bygdnytt.no

Lokalavis for Arna og Osterøy

Laussal kr. 25,-



Geriljabroderen
SIDE 26 OG 27



Øyrane Torg er sold

EIT EIGEDOMSFOND som blir forvalta av storbanken DNB har kjøpt Øyrane Torg. Verdien er fastsett til 600 millionar kroner.

SIDE 11



Opna nyrestaurerte laksegiljer

OM LAG 100 personar hadde møtt fram for å få med seg opninga av dei nyrestaurerte laksegiljene ved Askildneset, heilt nord på Osterøy. SIDE 36 OG 37



Alt startet i Ytre Arna for "Teg"

DEN KJENTE gatekunstneren "Teg" fra Bergen roser arbeidet til fritidsklubben i Arna opp i skyene. SIDE 32 OG 33

Kjempa og vann mot kommunen



ULRIK ULVESETER har kjempa i eitt år og brukt over 100.000 kroner på å overtyda Bergen kommune om at han ikkje

har ansvar for ein mur som er i ferd med å rasa ut. No har Fylkesmannen i Hordaland gjeve Ulveseter rett. SIDE 6 OG 7

Se alle tilbudene på MENY.no

Kjøttdeig
400g, u/salt og vann

Pink Lady
6pk



Evergood kaffe
250g (100,00/kg)

Hverdagsgrønt brød
750g, Bakenset

Vitter forbehold om eventuelle mykkfall og prisjusteringar.
Tilbodene gyldige 20.08.2017-25.08.2017.

Byrjinga på eit



LANGT OPP: 25 meter frå vassflata er giljene plassert strategisk plassert for å ha eit godt oversyn når laksen kjem inn i nota. Foto: Anders Totland



GAMLE DAGAR: Kleiveland har tilbrakt mange timer i gilja som ung. Foto: Anders Totland



FAR OG SON: Erling og Øystein Kleiveland i båten ut til Askildneset. Kvar dag i to veker har dei fleire gonger for dagen køyrd ut mat og drikke til arbeidarane. Foto: Anders Totland



MAJESTETISK: Med ei fantastisk utsyn mot Osterfjorden ynskjer Kleiveland og Osterøy Reiselivslag å lokka fleire turistar til.

Osterfjorden kan ynskje velkommen til to restaurerte laksegiljer. No v

Stor ståhei på Tysse

Laurdag formiddag låg fjordbåtane D/S Oster og D/S Bruvik til kai på Tysse.

Omlag 100 gjestar fekk høve til å sjå dei nyrestaurerte giljene på nært hold.

– Åh det er ein fantastisk stemning her. Skall-dyrbufféet og korpsmusikk. Verkeleg ein festdag for oss alle her på Osterøy, seier Astrid Kleiveland til Bygdanytt.

Vil gje ungdommen kunnskap om fortida

Idéen bak prosjektet starta då Kleiveland saman med sin gode ven Rune Revheim diskuterte dei viktige gongstytthylene på Askildneset.

– Det blir nok ikkje meir laksefiske frå giljer i mi tid, men eg ville bevare denne delen av historia til Osterøy. Ikkje mange ungdommar veit korleis forfedrane levde i gamle dagar. Det var eit slitt prega av fattigdom og hardt arbeid. Med støtte frå til dømes Kulturmøndefondet, så har me høve til å halde tradisjonane i hevd, opplyser Kleiveland medan han gjer instruksar til sonen Øystein.

Alt må vere plass når fjordbåtane Oster og Bruvik kjem med prominente gjestar 19. august.

I to veker har hardarbeidande handverkarar jobba dag og natt i regn og kuling for å gjere ferdig kulturminka.

– Ja, eg må takka mange genuint interesserte fagfolk som har gitt mykje av si tid til prosjektet. Då idéen kom hausten i fjor til opninga i august 2017, har det vore mykje toft arbeid, men om ein ikkje gjer noko no, vil det nok aldri ha blitt gjort.

– Berre i går viste skrittellaren min 23.000 skritt, legg Kleiveland til og sukkar.

– *Med lite teikningar og instruksar om korleis laksegiljene blei konstruert. Korleis gjekk handverkarane fram når dei skulle byggja?*

– Den eine gilja, innåpå, trong berre nye materialar etter som treverket var råte. Hytta var ganske intakt. Elles har eg lest mykje om laksegiljer, om korleis ein kontruerte dei. Interessant og lærerik reise.

Ein av 500 som er egna til vere her ute

– Fy flate det er mykje stikkar her, klagar Magne Kleiveland etter å ha inntekte dagens middag - heimelaga kjottgrøte.

– Stikka?

– Ja, no har du lært eit nytt ord. Stikka er det samme som knott, opplyser han medan dei tre andre villmennene i teltleiren nikkar og slafas i seg den brune matretten.

I to veker har dei, utan varmt vatn og straum, jobba på Askildneset for å gjere ferdig kulturminka.

PÅ 1800- OG 1900-TALET var det opp mot 100 sitjenøter og laksegiljer rundt Osterøy. I dag finst det berre to giljer igjen. Laksefiskarane sat i ei lita, spartansk innreia hytte på toppen av gilja, høgt over fjorden og venta på fisken.

Når dei såt at laksen var komen inn i nota, stengde dei notposen med eit «drag».

– Ikjje sidan 1993 har det vore eit «drag» her, mimrar Kleiveland og speidar utover fjorden.

Gilja på Askildneset, om lag 25 minuttar med båt nord frå Tysse, er 25 meter over vannflata på det høgste.

Kleiveland hugser godt korleis livet i gilja var i gamle dagar.

– Off, det var lange dagar. Frå mandag til fredag sat me og venta. Når «draget» kom, ilte me ned til båten for å sjå kva me fekk. Så selde me fangsten til båtane som gjekk rundt øyne. No er denne formen for fangst freida, men tradisjonane kan me halde liv i, seier den ivrige entusiasten.

**Anders Totland
anders.totland@bygdnytt.no**

Al 1800- OG 1900-TALET var det opp mot 100 sitjenøter og laksegiljer rundt Osterøy. I dag finst det berre to giljer igjen. Laksefiskarane sat i ei lita, spartansk innreia hytte på toppen av gilja, høgt over fjorden og venta på fisken.

Når dei såt at laksen var komen inn i nota, stengde dei notposen med eit «drag».

– Ikjje sidan 1993 har det vore eit «drag» her, mimrar Kleiveland og speidar utover fjorden.

Gilja på Askildneset, om lag 25 minuttar med båt nord frå Tysse, er 25 meter over vannflata på det høgste.

Kleiveland hugser godt korleis livet i gilja var i gamle dagar.

– Off, det var lange dagar. Frå mandag til fredag sat me og venta. Når «draget» kom, ilte me ned til båten for å sjå kva me fekk. Så selde me fangsten til båtane som gjekk rundt øyne. No er denne formen for fangst freida, men tradisjonane kan me halde liv i, seier den ivrige entusiasten.

turisteventyr



den urørde perla nord på øya. Foto: Anders Totland

il initiativtakar Erling Kleiveland setje fjorden på turistkartet.

sjekket.

Trivselen er høg i den, mildt sagt, enkle teltleiren på neset.

– Ja, ingen damer, ingen telefonar, berre oss og naturen, fortel nordlendingen Pål Sneve Prestebakk.

– Har der roynsle frå før med å byggja laksegiljer?

– Nei, det er første gongen. Eg og Pål har bygd setrar før, men etter å ha sett på biletet og høyrd på fortellingar om laksegiljene, synst eg resultatet byrjar å bli bra, seier Magne Kleiveland, som til vanleg er å finna i Troms.

– Kva får fire vaksne karar til å bu i ein enkel teltleir som minner meir om ein flyktningleir enn eit akseptabelt husverre?

– Hehe. Vi er jo villmenn. Kanskje éin av 50 hadde orka å vere her, nei, meir éin av 500. Det er vått, kaldt, surt og mykje slit kvar dag. Farleg til tider og.

– Farleg?

– Ja, stolpesko og klateseler må ein ta med seg. Det er bratt og ulendt terreng. Men alt har gått bra, meddeler Magne og fiskar fram ein kniv og spikkar på eit tresykke.

I alt braket legg ungkaren vekk spikkekniven og tek seg ein liten blund.

Stress før sjølive festen

Laksegilja innåpå har villmennene i leiren gjort seg ferdig med.

Lillebroren Nåve, som er situert på andre sida av neset, er derimot langt frå ferdigstilt.

Det stressar initiativtakar Kleiveland litt ekstra før feiringa til helgen.

– Akk ja. Her har dei masse arbeid før alt er klart. Det må ryddast og, seier Kleiveland og konkluderar med at dei nevnyttige arbeidskarane nok ikkje greier alt før ordforaren kjem.

– Nei, dei blir ikkje ferdige. Det er ikkje så farleg, for ingen turistar skal opp til dennegilja. Det som bekymrar meg er jo den økonomiske støtta. Ein skal jo dokumentera at prosjektet er ferdigstilt. Men, eg har trua på at alt løyser seg til slutt.

– Trur du at denne fangstmetoden vil bli lovleg igjen?

– Ja, men meir som demonstrasjonsfiske. Eg veit og at det finst ein gjeng entusiaster i Stamnes som vil gjøre noko av det same der. Eg vonar å tru at det kan bli byrjinga av noko stort her i Osterfjorden, avslutter Kleiveland for sonen Øystein fraktar følgjet trygt tilbake til Kleiveland.

PS: Om du vil lese meir om den tradisjonrike fangstmetoden, kan «Osterøy i soge og samtid» frå 1989 av Geir Kleiveland anbefalaast.



TELTLIREN: - Det er ikkje Lesbos, men Askildneset, spørkar gjengen i leiren. Foto: Anders Totland



SIKRING: Til tider er arbeidet krevjande. Sikringsutstyr er naudsynleg om tryggleiken skal vernast.

Foto: Øystein Kleiveland



BEKYMRA: Erling Kleiveland inspirerer gjilja Nåve. Berre to dagar før opninga gjenstår mykje arbeid før turistane kan studera kulturminnet langs Osterfjorden.

Foto: Anders Totland



OPNINGSFEST: Her går forventningsfulle historie-interesserte ombord i ærverdige D/S Oster laurdag formiddag. No skal laksegiljene endeleg få vist seg fram.

Foto: Astrid Kleiveland